



2020-23

Planstrategi for Gol kommune



Gol sentrum med utsikt frå Skaraåsen,. Foto: S.E

Vedteken av Gol kommunestyre
sak K52/20 den 23.06.2020

Innholdsfortegnelse

1.	Innleiing.....	2
2.	Kommunal planstrategi.....	2
3.	Kommunalt planverk.....	3
3.1	Kommuneplan.....	3
3.2	Planar knytt til kommuneplanens samfunnsdel	3
3.3	Planar knytt til kommuneplanens arealdel	3
4.	Nasjonale og regionale føringer.....	4
4.1	Nasjonale forventninger	4
4.1.1	FN sine bærekraftmål.....	4
4.2	Regionale føringer og planar	5
5.	Kommuneplan i Gol.....	6
5.1	Kommuneplanens samfunnsdel	6
5.2	Kommuneplanens arealdel.....	7
5.3	Overordna ROS	7
5.4	Vurdering av planbehovet	7
6.	Hovedutfordringar	8
6.1	Folketalsutvikling	8
6.1.1	Utviklingstrekk.....	8
6.1.2	Vurdering av planbehov	9
6.2	Folkehelse	9
6.2.1	Utviklingstrekk.....	9
6.2.2	Vurdering av planbehov	10
6.3	Miljø, klima og samfunnstryggleik.....	11
6.3.1	Utviklingstrekk.....	11
6.3.2	Vurdering av planbehov	12
6.4	Tettstadsutvikling og samferdsel.....	12
6.4.1	Utviklingstrekk.....	12
6.4.2	Vurdering av planbehov	13
7.	Samandrag	14
7.1	Planressursar	14
7.2	Prosess og medverknad	14
7.2	Prioritering av planarbeid i perioden 2020-23	14
8.	Oversikt over planverk og behov for revisjon- 2020-23	15
9.	Referansar	16

1. Innleiing

Kommunestyret skal gjennom kommunal planstrategi ta stilling til om kommuneplanen helt eller delvis skal reviderast i valperioden. Planstrategien er eit verktøy for å vurdere kommunen sitt plansystem, planressursar og samla planbehov knytt til kommunedelplaner, tema- og sektorplanar.

Kommunal planstrategi er forankra i **Plan- og bygningslova (pbl) § 10.1:**

“Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsigtig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.»

Kommunens planutval vedtok prosess og tidsplan for arbeidet med planstrategi for Gol kommune 2020-23 i sak 39/19 den 22.08.19.

2. Kommunal planstrategi




KOMMUNAL PLANSTRATEGI	
Lovhjemmel	§ 10-1
Formål	Politisk prioritering av planbehovet i kommunestyreperioden, og om kommuneplanen helt eller delvis skal revideres.
Innholdskrav	Vedtak om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, og et underlag som viser forutsetningene for vurderingen av planbehovet.
Prosess	Skal innhentes synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres kjent i minst 30 dager før kommunestyrets behandling.
Vedtak	Kommunestyret
Virkning	Retningsgivende for kommunens prioritering av planoppgaver.

Figur 1. Veileder til kommunal planstrategi

3. Kommunalt planverk

3.1 Kommuneplan

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og lovfesta i Plan og bygningslova kap. 11. Planverket består av ein samfunnsdel m/handlingsdel og ein arealdel.



Figur 2. Planstruktur i kommunal sektor

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til utfordringar, mål og strategiar for utviklinga av kommunen som samfunn og som organisasjon. Samfunnsdelen sin handlingsdel blir ivareteke ved årleg rulling av kommunens handlingsprogram med økonomiplan og årsbudsjett.

Kommuneplanen sin arealdel skal vise samanhengen mellom samfunnsutvikling og arealbruk. Den er styrande for kommunedelplanar, områdeplanar og reguleringsplanar. Arealplanar får rettsverknad når kommunestyret har gjort vedtak.

3.2 Planar knytt til kommuneplanens samfunnsdel

Slike planar tek utgangspunkt i mål og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel.

Planlegginga innanfor eit tema eller sektor kan skje som ein kommunedelplan eller som ein "ordinær" tema- eller sektorplan.

Kommunedelplan og sektor-/temaplan

Det må i det enkelte tilfelle vurderast om tema- eller sektorplan skal ha status som kommunedelplan. Krav og behov for medverknad er ofte avgjerande for valet. Ein kommunedelplan etter reglane i Plan- og bygningslova set formelle krav til planprosess og planprogram. Ein ordinær sektor- /temaplan kan ha ein enklare prosess.

3.3 Planar knytt til kommuneplanens arealdel

Kommunedelplan (arealplan)

Kommunen kan utarbeide kommunedelplan for delar av kommunen. Planprosessen er den same som for kommuneplan. I Gol er det berre kommunedelplan for Gol tettsted som er knytt til arealdelen av kommuneplan.

Reguleringsplan

Reguleringsplan kan lagast som område- eller detaljregulering i tråd med Plan- og bygningslova kap.12. Reguleringsplan består av arealplankart med føresegner om bruk, vern og utforming av areal og fysiske tiltak.

Områderegulering blir brukt der det i kommuneplanens arealdel er krav om slik plan, eller der det offentlige har ansvar for å ivareta verneomsyn eller infrastruktur. Områderegulering for «Hallingmo» og «Gol sentrum vest» er døme på slike planar i Gol.

Detaljregulering blir brukt for å følge opp kommuneplanens arealdel eller eventuelle krav i områderegulering. Detaljregulering blir stort sett fremja i privat regi. I Gol kommune sitt planarkiv er det registrert til saman 185 reguleringsplanar per januar 2020. Planarkivet omfattar planar heilt attende til 1970-talet.

4. Nasjonale og regionale føringer

4.1 Nasjonale forventninger

Kvart fjerde år legg regjeringa fram nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging for å fremje ei bærekraftig utvikling i heile landet. Dette er gjort gjennom dokumentet *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019-23, kongelig resolusjon 14.mai 2019.*



Nasjonale forventninger 2019-23.

Fylke og kommune skal sjå til at nasjonale forventninger blir følgt opp i planstrategi og planar, og at dei blir lagt til grunn for staten sin medverknad i planlegginga.

Den nasjonale politikken skal formidlast på ein tydeleg måte, slik at planlegginga på fylkes- og kommunenivå kan skje effektivt og til beste for heile landet. Samtidig legg regjeringa vekt på styrking av det lokale sjølvstyret i planlegginga. Det betyr at fylkeskommunane og kommunane får auka ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser.

Regional og lokal samfunns- og arealplanlegging skal baserast på open dialog, der staten og deltek. Eit viktig skritt på vegen er dei nasjonale forventningane.

Regjeringa legg vekt på fire store utfordringar om å *skape eit*

- A. bærekraftig velferdssamfunn
- B. eit økologisk bærekraftig samfunn gjennom m.a. ein offensiv klimapolitikk og forsvarlig ressursforvaltning
- C. eit sosialt bærekraftig samfunn
- D. eit trygt samfunn for alle

Regionalt og kommunalt nivå har sentrale oppgåver med å handtere desse utfordringane. Det gjeld alle kommunar, uavhengig av storleik og kompetanse. Planlegging er ein viktig del av dette.

Statens Klimakur 2030 er eit sett av tiltak og virkemiddel som kan bidra og hjelpe kommunane i å nå måla om reduksjon i klimautslepp i 2030.

4.1.1 FN sine bærekraftmål

Noreg har sluttat seg til FN sine 17 bærekraftmål. Regjeringa har bestemt at dette skal være det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid. Dette er eit vegkart for å utrydde fattigdom, minske skilnad og stoppe klimaendringane innan 2030. Miljø, økonomi og sosial utvikling blir sett i samanheng. Bærekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga i tida som kjem. *Dei konkrete måla og kva dei betyr for Gol skal drøftast og konkretiserast i dei ulike planprosessane.*

Regjeringa legg vekt på lokaldemokratiet i plan- og byggjesaker. Ein må difor forstå nasjonale forventningar på lokalt nivå når ein utarbeider og gjennomfører planar.

4.2 Regionale føringar og planar

Viken fylke

Gol og Hallingdal er frå 2020 ein del av Viken fylkeskommune. Den mest folkerike regionen i landet som strekkjer seg frå Hol og Hemsedal i nord til Halden i sør.

Fram til ein ny regional planstrategi er vedteke for Viken, vil eit mellombels plan- og styringssystem gjelde. Det nye plan- og styringssystemet skal baserast på FN sine mål.

Planverk for Buskerud skal gjelde så lenge dei ikkje er erstatta av nye planar i Viken fylke.

Gjeldande regionale planar er:

- Regional plan for verdiskapning og næringsutvikling i Buskerud 2015-2020
- Regional plan for areal- og transport i Buskerudbyen 2013-2023
- Regional plan for Hardangervidda 2011 - 2025
- Regional plan for Nordfjella 2014 - 2025
- Regional plan for kunnskapssamfunnet 2016-2020
- Regional plan for vassforvaltning i vassregion Innlandet og Viken 2016-2021
- Regional plan for vassforvaltning i vassregion Sogn og Fjordane 2016-2021
- Regional plan for kulturminnevern 2017-2027
- Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035
- Fylkesdelplan for avkjørsler og byggegrenser langs riksvegnettet i Buskerud Del I og II (2004)
- Kollektivtransportplan for Buskerud fylke- til 2030

Regional planstrategi for Viken skal sluttbehandlast i desember 2020. Det er laga eit kunnskapsgrunnlag "Vi i Viken" som utgangspunkt for arbeidet. Her finn ein status og statistikk for ein rekke områder med kopling til FN sine bærekraftsmål.

Kunnskapsgrunnlaget er også lagt til grunn for Gol sin planstrategi.

Viken fylke deltek i eit internasjonalt samarbeid om utvikling av indikatorar/ måleverktøy, erfaringsutveksling og læring om FN sine mål. Dette kan bli eit nytig reiskap for kommunane sin planlegging i tida som kjem.

Viken fylkeskommune vil vidareføre *Regionalt planforum*. Dette er ein arena for dialog-samhandling og avklaring rundt større plansaker mellom kommunane og det regionale plannivået. Planforum har ikkje vedtaksmynne eller formell meklingsfunksjon. Gol kommune har nytta regionalt planforum ved fleire høve, mellom anna i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunedelplan Gol tettstad.

Hallingdal

Kommunereforma har ikkje ført til endringar i kommunestrukturen i Hallingdal. Det er ikkje lagt føringar for endringar i kommande valperiode, men Gol har i kommuneplanens samfunnsdel signalisert at kommunen skal være ein pådriver for ei framtidig endring.

Strategisk plan for Hallingdal skal reviderast i planperioden. Det er svært viktig at planen blir rullert med brei medverknad og forankring i kommunane og Viken fylke, både administrativt og politisk.

Avfallsplan for Hallingdal og *Regional plan for vassforvaltning i vassregion Innlandet og Viken* blir revidert i perioden.

Bustadpolitisk handlingsplan for Hallingdal frå 2006 bør reviderast/eventuelt erstattast av ny plan i perioden.

Kommunane i regionen er samde om lage ein felles *Rusmiddelpolitisk handlingsplan*. Gol kommune sin plan for 2012- 2016 blir erstatta av denne planen.

5. Kommuneplan i Gol

Gol kommune sin kommuneplan består i dag av samfunnsdelen, kommuneplanens arealdel og kommunedelplan for Gol tettstad. Kommunen sin overordna ROS-analyse legg føringer for samfunnstryggleik og beredskap i alt kommunalt planverk.

Gjeldande planverk:

- ROS-analyse for Gol kommune, behandla av kommunestyret i oktober 2017
- Samfunnsdelen 2018-2030, vedtatt av kommunestyret i juni 2018
- Kommuneplan Gol (arealdelen) 2011-2023, vedtatt av kommunestyret i september 2011
- Kommunedelplan Gol tettstad 2006-2015, vedtatt av kommunestyret i september 2006

5.1 Kommuneplanens samfunnsdel

Kommunen sin samfunnsdel med mål og strategiar er kommunens overordna plan er for årsbudsjett og handlingsprogram.

Samfunnsdelen er delt i følgjande hovudsatsingsområder med mål og strategiar:

- Gol si plassering regionalt og nasjonalt
- Nærings og arbeidsplassar
- Det gode liv i Gol
- Gol kommune som organisasjon.


Planen tek utgangspunkt i fire hovedutfordringar for Gol samfunnet fram til 2030:

- Folketalsutvikling
- Folkehelse
- Miljø, klima og samfunnstryggleik
- Tettstadutvikling og samferdsel

I planstrategien 2020-23 har kommunen valt å legge desse utfordringane til grunn for vurderinga av planbehovet i perioden.

Utfordringane stemmer godt overeins med regjeringa sine *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-23*.


Gol kommune sin planstrategi er basert på kommuneplanens samfunnsdel og kunnskapsgrunnlaget for planstrategi for Viken fylkeskommune.




Figur 3. Kjelde SSB og kommuneprofilen.no

Figur 3-5 viser utvikling i arbeidsplassar, næringsstruktur og pendling i regionen. Figur 3 og 4 viser at sekundærnæringane har hatt markant vekst fra 2010 til 2018, medan jord- og skogbruk og servicenæringane har hatt nedgang.

Det var registrert 2850 sysselsette i Gol i 2018, om lag det same som i 2010 men 50 færre enn i 2014.



Figur 4. Kjede SSB og kommuneprofilen.no



Figur 5. Kjelde SSB tabell 11617

Gol har stor netto innpendling med mange arbeidsplassar som er viktige for regionen. Utfordringa er å få fleire til å bu og ha arbeidet sitt i kommunen. Næringsutvikling, tettstadutvikling og attraktivitet er sentrale tema.

5.2 Kommuneplanens arealdel

Gol er i gang med revidering av kommuneplanens arealdel og kommunedelplan for Gol tettstad. Planutvalet i Gol har lagt til grunn overordna føringer for arbeidet.

Kommuneplanens arealdel er i utgreiingsfasen med vurdering av innspel. Det er forventa at planen kan sluttbehandlast i 2021. Sentrale tema i planplanarbeidet er miljø og klima,

mineral- og naturressursar, naturmangfald og jordvern. Strategiar for å følgje opp sentrale føringer om jordvern, omdisponering av landbruksareal, matproduksjonsmål og landbruksbasert næringsutvikling må ha fokus i revidering av Handlingsplan for landbruket og Næringsplan.

Kommunedelplan Gol tettstad er i sluttfasen. Motseigner fra Fylkesmannen og fylkeskommunen er løyst, og det står no at å løyse motseign frå Statens vegvesen. Det er forventa at planen kan sluttbehandlast medio 2020. Det blir også vist til omtale i kap. 6.4 Tettstadsutvikling og samferdsel.

5.3 Overordna ROS

Overordna risiko- og sårbaranalyse (ROS) er heimla i Lov om kommunal beredskapsplikt. Gol sin ROS er basert på mal frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB). Analysen omfattar 32 ulike hendingar som er analysert på risiko og konsekvens. Ved revidering av overordna ROS må ein kople arbeidet mot ROS i kommuneplanens arealdel og vidare ned på reguleringsplannivå.

Miljø- og klimaendringane vil i større grad enn før få konsekvensar for arbeidet med samfunnstryggleik. Gol har i det siste gjennomført mange kartleggingar som er viktige å ta omsyn til i arealplanlegginga og i beredskapsplanar. Det blir vist til omtale i kap. 6.3 om Miljø, klima og samfunnstryggleik.

5.4 Vurdering av planbehovet

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i 2018 etter ein omfattande prosess. Planens utfordringar, mål og strategiar vil også være retningsgjevande i denne planperioden. Det blir difor vurdert at det ikkje er behov for revidering av planen før perioden 2024-27.

Kommuneplanens arealdel og kommunedelplan Gol tettstad er under arbeid og vil bli sluttbehandla i denne valperioden. Overordna ROS for Gol blir revidert i planperioden.

6. Hovudutfordringar

Kommuneplanens samfunnsdel for Gol 2018-30 har definert fire hovudutfordringar. Folketalsutvikling, folkehelse, miljø-, klima og samfunnstryggleik og tettstadutvikling og samferdsel. Kommunen har valt å bruke desse utfordringane til å sjå på utviklingstrekk og vurdere planbehov i planstrategien 2020-23. FN sine bærekraftmål som er viktige å ta omsyn til i samfunnsplanlegginga er gjort synleg for kvart tema.

6.1 Folketalsutvikling

6.1.1 Utviklingstrekk


Demografi er statistisk framskriving av befolkningsutviklinga, basert på tal frå SSB. Gol hadde ein jamn vekst i folketalet på 80- og 90-talet og ei flatare utvikling fram mot 2017. I åra 2018 og 2019 har folketalet tilsaman auka frå 4566 til 4606. Ved årskiftet 2019/20 har Gol 103 fleire innbyggjarar enn det SSB sine prognosar tilseier ved utgangen av 2020. Dette er svært positivt.

SSB sine prognosar for middels nasjonal vekst viser at Gol kan få ein liten folketalsnedgang på om lag 1,2% frå 2020 til 2040. Ved høg nasjonal vekst viser tala ei folketalsauke på om lag 7% i same periode. Ingen eller låg netto innvandring vil gje negativ folketalsutvikling.


Folketalet for yrkesaktiv alder, 20-66 år, vil etter prognosane gå ned med 12% i perioden. Dette er svært alvorlig med tanke på arbeidskraft i framtida.

Aldersfordelinga i figur 7 viser at aldersgruppa 0-5 år er relativ stabil, 6-15 år har nedgang, medan aldersgruppa over 80 år vil bli markant større. I kap. 6.2 om folkehelse, er tiltak for å styrke folketalsutviklinga omtalt.

Vi blir altså færre unge og fleire eldre. Vi blir færre til å skape verdiar og vekst og fleire som har behov for kommunale tenester i høg alder.




Figur 6. Kjelde SSB



Figur 7. Kjelde SSB

Prognosar på demografikostnader er vist i tabell 8. Årsaka til at kostnaden for eldre over 80 i 2033 er lågare enn i 2028 er at det er eit fall i aldersgruppa over 90 år i denne perioden og dette gjev stor verknad på kostnadsutrekningane.



Figur 8. Demografikostnader kjelde SSB

I 2019 var det registrert 2482 fritidsbustader i Gol. I kommuneplane sin arealdel skal det drøftast om det skal opnast opp for å bruke fritidsbustad som heilårsbustad. Spørsmålet vil kunne ha verknad for folketalsutviklinga.

6.1.2 Vurdering av planbehov

Av planar som er sentrale for **folketalsutvikling** er det aktuelt å prioritere desse i planstrategiperioden 2020-23:

Kommunedelplanar:

- Næringsplan (revidering)
- Hovudplan vatn (revidering)
- Hovudplan avløp og vassmiljø (revidering)

Sektor/temaplanar:

- Kulturplan (revidering)
- Kulturminneplan (ny)
- Plan for integrering (ny)

FN sine bærekraftsmål som bør takast særskilt omsyn til i planprosessane er:



Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er sentrale for tilrettelegging for folketalsauke. Dette er omtalt i kap. 5.

6.2 Folkehelse

6.2.1 Utviklingstrekk


Kommunen har ansvar for å ha oversikt over helsetilstanden og dei faktorane som kan verke inn på folkehelsa til innbyggjarane. Oversikta inngår i kommunens planstrategi. Gol kommune har oppdatert oversikten i januar 2020 og utviklingstrekkene kan oppsummerast slik:

Svak nedgang i folketal, og høg utflytting av dei unge, gjer at Hallingdalsregionen har satt i gang ulike prosjekt for å auke attraktiviteten og tilflyttinga. Gol har ei auke i talet på innvandrarar, som både kan vere ein ressurs men også nokon utfordringar.

I tida framover vil ein merke at andelen eldre stadig vil auke. I Gol er forventa levealder hos kvinner særleg høg. Kommunen har satt i gang eit omsorgslyft, for å møte dei utfordringane som kjem i omsorgstenesta.

I Gol er det ein relativt låg del av befolkninga som har høgare utdanning, men talet på arbeidslause er lågt.

Figur 7 viser at talet på barn 0-17 år som bur i hushald med låginntekt framleis er høgt på Gol. Gol har eit rikt og variert fritidstilbod, men det er viktig å legge til rette for at alle kan delta så ein jamnar ut dei sosiale skilnadane.



Figur 9- Kjelde: Folkehelseinstituttet- statistikkbank

Det har skjedd ei positiv utvikling dei siste åra, ved at tala for røyking og snusing går kraftig nedover. Men ein ser ei meir negativ utvikling ved at fleire vert overvektige og mindre aktive. Blant dei unge ser ein særleg ein nedgang i organisert aktivitet frå 15-års alder.

Som elles i landet ser ein tendens til auka utfordringar kring psykisk helse og stress, særleg blant unge jenter/kvinner.

Talet på diabetes type 2 og bruk av diabeteslegemiddel og kolesterolsenkjande middel er noko høgare enn landet elles, men generelt ser ein at Gol har lågare bruk av andre legemiddel enn landssnittet.

Sjølv om det fins utfordringar, er det mykje som ligg til rette for å skape gode liv på Gol. Det er mangfold i kultur- og idrettstilbod, og ei spennande utvikling på Hallingmo med ny skule, ny idrettsarena og fleire prosjekt i gang. Gol har eit rikt friluftsliv, ein unik natur og godt utvikla stig- og løypenett. Me har lite forureining og eit godt drikkevatn. Det fins ein godt etablert Frivillighetssentral og ein Frisklivssentral i god utvikling. Desse bidreg til å førebygge sjukdom og styrke folkehelsa.

Gol har saman med dei andre kommunane i regionen laga ein felles handlingsplan for folkehelsearbeidet i perioden 2018-2021.

6.2.2 Vurdering av planbehov

Av planar som er sentrale for **folkehelse** er det aktuelt å prioritere desse i planstrategi-perioden 2020-23:

Kommunedelplanar:

- Hovudplan vgn (revidering)
- Hovudplan avløp og vassmiljø (revidering)
- Trafikktryggleiksplan (revidering)

Sektor/temaplanar:

- Kulturplan (revidering)
- Kulturminneplan (ny)
- Plan for legetenesta (ny)
- Plan for integrering (ny)
- Plan for psykisk helse, rus og kriesenter (ny)
- Hovudplan kommunale vegar (ny)
- Plan for fysio- og ergoterapitenesta (revidering)
- Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (revidering)

FN sine bærekraftsmål som bør takast særskilt omsyn til i planprosessane er:



Kommunen er i gang med å gjennomføre eit «omsorgsløft» i åra 2019-21. Det blir derfor anbefalt å vente med revidering av Helse- og omsorgsplan til dette arbeidet er fullført og ein har vunne seg erfaring med tiltaka. Det blir difor ikkje anbefalt å revidere Helse- og omsorgsplan i denne planperioden.

Vidare arbeid med Kulturminneplan bør vurderast i samband med ny kulturplan. Friluftslivets ferdselsårer vil inngå som del av Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

6.3 Miljø, klima og samfunnstryggleik

6.3.1 Utviklingstrekk


Gol har mål om å redusere klimagassutsleppa med 40 % innan 2030 sett i høve til 2009.

Grunnlaget er FN sine bærekraftmål og Parisavtalen.

FN sitt klimapanel slår fast at det meste av den globale oppvarminga er menneskeskapt. Oppvarminga vert venta å fortsette utover i dette århundre og fører til auka risiko for ekstremvær, meir nedbør, ras og flaum. Klimaendringar har alvorlege konsekvensar og utsleppa av klimagassar må reduserast. Det krev store endringar i arealplanlegginga, teknisk infrastruktur, transport og næringssektoren, landbruket og innan bygg og oppvarming.


Klimaendringane kan også føre til endra landskap, artssamansetning og større risiko for større utbrot av sjukdom og parasittangrep i miljøet pga. større overleveling i milde vintrar.

Stortingsmelding nr. 33 om klimatilpassing i Noreg set fokus på klimautfordringar, konsekvensar for førebygging.



Klimatilpasning i Norge, st. melding 33.

Hovudkjeldene til klimagassutsleppa i Gol kjem frå vegtrafikk, dieseldrivne motorreiskap og frå jordbruk. Frå 2009 til 2015 auka samla utslepp med om lag 2%. Frå 2015 til 2017 er utsleppa redusert med om lag 12%. Samla utslepp frå 2009 til 2017 er redusert med om lag 10%. Figur 10 viser utslepp i Gol i tonn CO₂.



Figur 10.

Klimaendringane vil utfordre kommunen og regionen på mange områder. Nedbør, flaum og skred vil kome oftare og i større omfang enn før. Førebygging må ha stor merksemeld, basert på kartleggingar og ROS-analyser. Gol kommune har i 2018, i samarbeid med Norges vassdrag og energidirektorat (NVE), utarbeida oversikt over ras/skredrisiko i kommunen. I 2019 vart det lagt fram kartlegging av risiko ved mindre vassdrag og bekkar i kommunen. Dette arbeidet er eit viktig bidrag i arealplanlegging, skogforvaltning og ROS/beredskap.

Auka nedbørsmengder og regnintensitet vil utfordre bekkeløp og offentlig avløpssystem. Teknisk infrastruktur vil bli utfordra. Kommunen må ta høgde for dette i arealplanar og i planar for teknisk infrastruktur som mellom anna hovudplan vatn og avløp og vegsektoren.

Oppdaterte ROS-analyser er eit sentralt verktøy for å førebygge og redusere risikoen for uventa hendingar. Kommunen må ha planverk for beredskap som dekkjer behova for ein effektiv og god handtering ved større hendingar/ulykker. Overordna ROS er omtala i kap. 5 saman med kommuneplan.

Gol kommune har i 2019 etablert eige Klimaråd. Rådet har faste møter og er ein arena for å drøfte og iverksetje tiltak for å redusere miljø- og klimautfordringane.

6.3.2 Vurdering av planbehov

Av planar som er sentrale for **miljø, klima og samfunnstryggleik** er det aktuelt å prioritere desse i planstrategiperioden 2020-23:

Kommunedelplanar:

- Naturmangfold i Gol kommune (ny)
- Energi og klimaplan (revidering)
- Hovudplan vavn (revidering)
- Hovudplan avløp og vassmiljø (revidering)
- Næringsplan (revidering)

Sektor/temoplanar:

- Hovudplan kommunale vegar (ny)
- Plan for legetenesta (ny)
- Handlingsplan for landbruket (revidering)

I revideringa av næringsplanen bør ein vurdere om reiseliv fortsatt skal være ein del av næringsplanen eller om det skal lagast ein eigen reiselivsplan.

Overordna ROS-analyse for Gol er omtalt i kap. 5.3 om kommuneplan og blir revidert i planperioden.

FN sine bærekraftmål som bør takast særskilt omsyn til i planprosessane er:



6.4 Tettstadsutvikling og samferdsel

6.4.1 Utviklingstrekk

Nasjonal transportplan (NTP) legg føringar for rv7 og rv52 som prioriterte samband aust-vest. Arbeidet med NTP 2022-2033 er i gang og det er forventa at Stortinget vil løyve midlar til vegsambanda. At Hallingdal vart valt til prioritert aust-vest korridor har mykje å seie for utviklinga av regionen og ikkje minst for Gol. Dette vil styrke Gol som sentralt knutepunkt og møteplass mellom aust og vest. Ein ny trase for rv52 vil bli lagt utanom sentrumskjerna. Konsekvensane dette vil få for tettstaden og Gol som handelssenter må vurderast som del av planprosessen. Funksjonen som hovudveg må også ta omsyn til lokale interesser og utviklinga av Golsamfunnet. Dersom det blir løyvd planmidlar i kommande NTP, kan arbeidet med kommunedelplan for ny rv52 starte i denne planperioden. Gol kommune må ta ei aktiv rolle i planprosessen.


Utbetring av riksveg 7 Ørgenvika-Gol, ny E16 Sandvika-Hønefoss og Ringeriksbanen er svært viktige for Gol og Hallingdal. Tiltaka er omtalt i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Gol som samferdselsknutepunkt blir styrka og det vil legge til rette for eit godt og samla kollektivtilbod med utgangspunkt i Gol.

Utvikling av kollektivknutepunkt med utgangspunkt i Gol stasjon og Gol skysstasjon er sentrale tema som kommunen må legge til grunn for i kommunens arealplanar.

Gol i ferd med å revidere kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplan Gol tettstad. Planutvalet i Gol har lagt til grunn overordna føringar for planarbeidet. Eit sentralt tema for Gol tettstad har vore plassering av detaljhandel og volumhandel. Dette spørsmålet er no avklara etter at motsegner frå stat og fylke er løyst.

Eit sentralt tema er å styrke Gol sentrum. Figur 11 viser at Gol framleis er av landets største handelstadar målt etter omsetnad per innbyggjar. Stor konkurranse i mange bransjer og utstrakt netthandel er utfordringar som også vil få konsekvensar for Gol.



Figur 11. Kjelde SSB tabell 04776

Gol sentrum skal være ein livlig og innbydande stad. Prosjektet «tettstadutvikling Gol sentrum» er i gang og resultatet av planarbeidet blir lagt fram i 2020/21. Utvikling av Hallingmo var prioritert i inneverande planstrategi. Her har det vore ei rivande utvikling dei seinare åra med ny grunnskule, fleirbrukshall og fleire aktivitetsanlegg. Arbeidet med å vidareutvikle området er prioritert også i kommande planperiode.

Gol tettstad har relativt mykje areal i dalbotnen som blir omfatta av ulike omsynssoner. Dette gjev kommunen

utfordringar og begrensning i areal for utvikling og vekst. Dette krev nye tankar og løysingar med vekt på fortetting. Dette er sentralt tema i revideringa av kommunedelplanen.

6.4.2 Vurdering av planbehov

Av planar som er sentrale for **tettstadutvikling og samferdsel** er det aktuelt å prioritere desse i planstrategiperioden 2020-23:

Kommunedelplanar:

- Næringsplan (revidering)
- Energi og klimaplan (revidering)
- Hovudplan vatn (revidering)
- Hovudplan avløp og vassmiljø (revidering)
- Trafikktryggleiksplan (revidering)

Sektor/temaplanar:

- Kulturplan (ny)
- Kulturminneplan (ny)
- Hovudplan kommunale vegar (ny)
- Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (revidering)

FN sine bærekraftsmål som bør takast særskilt omsyn til i planprosessane er:



7. Samandrag

7.1 Planressursar

Planarbeid skaper grunnlag for ønska utvikling av lokalsamfunnet. Rammene er lagt i kommuneplanens samfunnsdel. Planprosessar er omfattande og krev høg og relevant kompetanse. Kommunens planressurs på arealplanar er styrka i siste valperiode. Dette bidreg til gode prosessar og gjer at kommunen får eit betre eigarskap til planverket. Det vil likevel vere behov for å leige inn ekstern kompetanse ved større planarbeid.

Samfunn og utvikling har ansvar for kommuneplanarbeidet, både samfunnsdelen og arealdelen. Revidering av kommuneplanens arealdel vil legge vesentleg beslag på planressursane til Samfunn og utvikling i perioden. Arbeidet med ulike kommunedelplanar, tema og sektorplanar er lagt til tenesteområda som har ansvaret for det aktuelle området.

Planstrategien skal prioritere dei viktigaste planoppgåvene tilpassa ressursane. Planprosessar må ikkje gå over lang tid.

7.2 Prosess og medverknad

Den enkelte kommune må ta stilling til omfanget av medverknad og allmenn debatt rundt arbeidet med planstrategien. I følge plan og bygningslova §10 er det krav om at det skal innhentast synspunkt frå nabokommunar og statlige og regionale organ, samt gjere forslag til planstrategi offentlig kjent, minst 30 dagar før

kommunestyret si behandling. Dette gjev alle interesserte høve til å fremje synspunkt før sluttbehandling. Det er ikkje lagt til grunn medverknad i planstrategien utover lovkrava.

7.2 Prioritering av planarbeid i perioden 2020-23

Prioritering av planarbeidet i perioden er basert på kunnskapsgrunnlaget i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel, hovudutfordringar og utviklingstrekk.

Oversikten på planbehovet er sortert i fire kategoriar:

- Kommuneplan med overordna dokument
- Kommunedelplanar som blir behandla etter reglane i Plan og bygningslova med planprogram
- Sektor- og temaplaner som ikkje har planprogram
- Regionale planar i Hallingdal

Fagplanar for beredskap, politiske- og administrative retningslinjer og vedtekter av ulike slag er ikkje ein del av planstrategien. Heller ikkje ressursplanar og planar som ikkje er behandla av faste utval (UKL/UNN) eller kommunestyret.

I tillegg kjem alle vedtekne reguleringsplanar og bebyggelsesplanar i tråd med kommunens planarkiv.

8. Oversikt over planverk og behov for revisjon- 2020-23

Plan/dokument	Vedtatt	Revisjon 2020-23
Kommuneplan med overordna dokument		
Kommuneplanens samfunnssdel 2018-2030	12.06.2018, sak K 24/18	Ingen revisjon i perioden
Kommuneplanens arealdel 2011-2023	06.09.2011, sak K 38/11	Revidering i perioden <i>(under arbeid)</i>
Økonomiplan med handlingsprogram	Årlig vedtak i kommunestyret	Årlig i perioden som del av budsjettbehandlinga
Risiko- og sårbarheitsanalyse for Gol (ROS) <i>(Kommunens overordna beredskapsplan med del A-D blir revidert årlig av kriseleiinga)</i>	10.10.2017, sak K 73/17	Revidering i perioden
Kommunedelplanar i tråd med reglane i Plan og bygningslova (krav om planprogram)		
Kommunedelplanen (arealplan) for Gol tettstad 2006- 2015	05.09.2006, sak K 49/06	Revidering i Perioden <i>(under arbeid)</i>
Hovudplan for avløp og vassmiljø 2014 – 2023	16.12.2014, sak K 80/14	Revidering i perioden
Hovudplan vassforsyning 2014-2023	16.12.2014, sak K 79/14	Revidering i perioden
Trafikktryggleiksplan 2018-2021	13.06.2017, sak K 39/17	Revidering i perioden
Energi- og klimaplan for Gol kommune 2018-2021 (2030)	04.09.2018, sak K 43/18	Revidering i perioden
Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Gol kommune 2018-2021 <i>(vil også omfatte tema om friluftslivets ferdelsårer)</i>	21.11.2017, sak K83/17	Revidering i perioden
Strategisk næringsplan for Gol kommune 2014-2018	11.11.2014, sak K 67/14	Revidering i perioden
Sektor- og temoplaner <i>Dette omfattar også planar som er definert som kommunedelplanar utan at dei er behandla etter plan- og bygningslova sine reglar med planprogram mv.</i>		
Plan for legestenesta	Ny plan	Ny plan i perioden
Plan for integrering	Ny plan	Ny plan i perioden
Plan for psykisk helse, rus og krisesenter <i>(erstatter Plan for psykisk helse, sak K51/12)</i>	Ny plan	Ny plan i perioden
Naturmangfold i Gol kommune	Ny plan	Ny plan i perioden
Hovudplan kommunale vegar 2020-27	Ny plan	Ny plan i perioden <i>(Planen er sluttbehandla i sak K26/20 den 05.05.20)</i>
Plan for fysio- og ergoterapistenesta 2013-17	05.12.12 I UKL	Revidering i perioden <i>(under arbeid)</i>
Kulturplan 2010-2013 <i>Blir erstatta av Kulturplan 2020-2030</i>	15.12.2009, sak K67/09	Revidering i perioden <i>(Planen er sluttbehandla i sak K28/20 den 05.05.20)</i>
Kulturminneplan	Ny plan	Ny plan i perioden
Kvalitetsplan for skulen i Gol	08.05.2018 sak K 18/18	Revidering i perioden
Plan for heilskapleg rehabilitering i Gol kommune 2012 - 2016	11.09.2012 sak K 57/12	Revidering i perioden
Helse og omsorgsplan 2017-2026	21.03.2017, sak K 22/17	Ingen revisjon i perioden

Plan/dokument	Vedtatt	Revisjon 2020-23
Plan for sorg- og kriseberedskap i Gol kommune	17.6.2008, rev. 2015	Revidering i perioden
Handlingsplan for landbruket	07.09.2010, sak K 50/10	Revidering i perioden
Beitebruksplan	27.05.2014, sak K 26/14	Ingen revisjon i perioden
Regionale planer i Hallingdal		
Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Hallingdal (<i>erstattar Rusmiddelpolitisk plan for Gol kommune 2012- 2016</i>)	Ny plan	Ny plan i perioden
Strategisk plan for Hallingdal 2017-2020	Hallingtinget 28.04.17	Revidering i perioden
Avfallsplan for Hallingdal 2015 - 2019	21.06.2016, sak K 59/16	Revidering i perioden
Handlingsplan for folkehelsearbeid i Hallingdal 2018-2021	04.09.2018, sak K 39/18	Revidering i perioden
Bustadpolitisk handlingsplan for Hallingdal	Utarbeida i 2006	Regionrådet må vurdere om denne skal vidareførast /reviderast.
Energi- og klimaplan for Hallingdal og Valdres	Utarbeida i 2010	Regionrådet må vurdere om denne skal vidareførast /reviderast.

9. Referansar

- Gol kommune, kommuneplanen sin samfunnsdel 2018-2030
- Planstrategi for Gol kommune 2016-2019
- Folkehelseprofil for Gol kommune, rapport datert 22.01.20
- Planstrategi for Viken fylke- kunnskapsgrunnlag «Vi i Viken», november 2019
- Nasjonale forventningar 2019-23 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet
- Innspel til arbeidet med planstrategien (7 stk.)
- SSB- statistikkbank/kommuneprofilen.

Utval av sentrale dokument, retningsliner og vegleiarar på fylkes- og statlig nivå:

- DSB sin vegleiar om samfunnstryggleik i kommunal arealplanlegging
- Statlige planretningslinjer for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag
- NVE sin rettleiar 2/2017- Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVE sine saksområder i arealplanlegging
- NVE retningslinje 2/2011- flaum- og skredfare i arealplanar
- Norsk Vann sin rettleier A162 – «Veiledning i klimatilpasset overvannshåndtering» og Norsk Vanns rapport B22 - «Vann og avløp i arealplanlegging og byggensaksbehandling»
- Nasjonal transportplan NTP